



Bergen og Omland Havnevesen  
Postboks 6040  
5892 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2126 - 17/29020

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2017

## Løyve til etablering av vatn- og avløpsanlegganlegg - gbnr 203/25 Fyllingen

### Administrativt vedtak. Saknr: 455/17

**Tiltakshavar:** Kari Aanstad  
**Ansvarleg søker:** Stusdal Vvs AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av vassleidning, og av avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyve gjeve i administrativt vedtak. Saknr: 367/17, datert 15.08.2017. Avløpet gjeld gråvatn som kan gå ureinsa i tett leidning til sjø. Vassleidning skal leggest i sjø rundt neset til felles sjøleidning som er kopla til kommunal vassleidning på land. Det vert elles vist til søknad mottatt 07.07.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden vart lagt på vent til utsleppsløyve og løyve etter hamnelova var på plass. Søknaden var klar for handsaming den 07.09.2017, og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato. Overskriding av sakshandsamingsfrist fører ikkje til reduksjon av gebyr for saker med 3 vekers frist.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i *kommuneplan for Lindås 2011 – 2022* er sett av til hytter. I sjø er arealbruken *bruk og vern av sjø*. Planen opnar for legging av leidningar i sjø i føresegnene pkt 5.2 . D. Omsøkte tiltak vert å sjå på som mindre, leidningen på land og i strandsona skal gravast ned og terrenget vert reetablert. Administrasjonen vurderer at dispensasjon ikkje er naudsynt.

### Uttale frå anna styresmakt

Bergen og omland Havnevesen har godkjent sjøleidningane etter hamnelova.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

**Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 05.07.2017.

**Vatn og avløp (VA)**

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn via privat nett den 06.07.2017. Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak/vedtak datert 15.08.2017. Utsleppsløyve gjeld gråvatn til sjø.

**Privatrettslege tilhøve - tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Det ligg føre avtale om tilkopling til felles vassleidning og framtidig vedlikehald av denne.

**Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ikkje relevant i denne saka

**Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VURDERING****Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

**Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av vatn- og avløpsanlegg på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 07.04.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.**

**3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen med søknad om ferdigattest.**

**4. Vilkåra i utsleppsløyvet for eigedommen, datert 15.08.2017, gjeld for tiltaket**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2126**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om anleggsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kari Aanstad

Lyderhornslie 45 5178

LODDEFJORD

**Mottakarar:**

Bergen og Omland Havnevesen

Postboks 6040 5892

BERGEN

Stusdal Vvs AS

Apalen 17 5915

HJELMÅS